



<b>MØTE NR.:</b>	03 i tingperioden 2013-2015
<b>FRÅ:</b>	Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
<b>STAD/DATO:</b>	Skei, Skei Hotell / 03. desember 2013
<b>TIL STADES:</b>	Inge Fænn, Anders Felde, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Lilly Schøyen, Asle Sande (1. varamedlem) og Yngve Thorsen (adm.).
<b>FORFALL:</b>	Hallvard Nygård, Gunnar Fannemel og Margunn Hjelmeset (2. varamedlem)
<b>MERKNADER:</b>	
<b>REFERENT:</b>	Yngve Thorsen
<b>SAKLISTE:</b>	
<b>REFERATSAKER</b>	
<b>Sak 29 13-15</b>	<b>Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15</b>
<b>RAPPORTERING</b>	
<b>Sak 30 13-15</b>	<b>Rekneskapsrapport pr. 07.11.2013</b>
<b>Sak 31 13-15</b>	<b>Skriftleg rapportering fra greinkomiteane</b>
<b>ORIENTERINGSAKER</b>	
<b>Sak 32 13-15</b>	<b>Arbeid med Skitinget 2014</b>
<b>Sak 33 13-15</b>	<b>Nye nettsider for Sogn og Fjordane Skikrins</b>
<b>Sak 34 13-15</b>	<b>Utviklingsplanar ved Nordfjord Fritidssenter</b>
<b>Sak 35 13-15</b>	<b>Status markedsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins</b>
<b>Sak 36 13-15</b>	<b>Integreringsprosjekt</b>
<b>Sak 37 13-15</b>	<b>Landslinje for ski- og skiskyting i Stryn</b>
<b>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</b>	
<b>Sak 38 13-15</b>	<b>Harpefossen Skisenter – innspel til Anleggsplan 2013-2017</b>
<b>Sak 39 13-15</b>	<b>Presentasjon av greinkomiteane sine handlingsplanar 2013-2014</b>
<b>Sak 40 13-15</b>	<b>Budsjett 2014</b>
<b>Sak 41 13-15</b>	<b>Fastsettjing av tid og stad for neste møte i Skikrinsstyret</b>
<b>EVENTUELTT</b>	

## REFERATSAKER

### **Sak 29 13-15**

#### **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15**

##### **Bakgrunn**

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15 er utsendt på førehand.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjener innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15.

## RAPPORTERING

### **Sak 30 13-15**

#### **Rekneskapsrapport pr. 07.11.2013**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 07.11.2013 er utsendt på førehand.  
Adm. presenterte rapporten.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 31 13-15**

#### **Skriftleg rapportering frå greinkomiteane**

##### **Bakgrunn**

Til møtet førelåg det rapport frå;

- alpinkomiteen

Det førelåg ikkje rapport frå langrennskomiteen samt hopp- og kombinertkomiteen.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at langrennskomiteen og hopp- og kombinertkomiteen ettersender sine rapportar.

Rapportane vert lagt ved som vedlegg til protokollen.

## ORIENTERINGSAKER

### **Sak 32 13-15**

#### **Arbeid med Skitinget 2014**

##### **Bakgrunn**

Styreleiar og adm. orienterte skikrinsstyret om planleggingsarbeidet med Skitinget 2014.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 33 13-15**

#### **Nye nettsider for Sogn og Fjordane Skikrins**

##### **Bakgrunn**

Viser til saksutgreiing og vedtak i samband med *Sak 21 13-15*.

Adm. presenterte dei nye nettsidene til Sogn og Fjordane Skikrins.

Dei nye nettsidene til Sogn og Fjordane Skikrins vart lansert torsdag 07. november 2013.

### Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **Sak 34 13-15**

#### **Utviklingsplanar ved Nordfjord Fritidssenter**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret er tilsendt saksutgreiing på førehand.

IL Veten/ Nordfjord Fritidssenter planlegg å lage eit tautrekk til K90 på Vangen, og vidare har ein planar om å forlenge trekket med ca. 150 høgdemeter slik at ein kan få til nedfartar (alpint) på begge sider av hoppanlegget.

Iflg. IL Veten har desse planane vore med i prosessen kring utvikling av anlegget sidan 1990. I den tid vart planane utvikla av anleggskonsulent i NSF, Alfred Andersen.

No ynskjer IL Veten å starte arbeidet med realisering av planane, m.a. for å skape eit betre driftsgrunnlag for anlegget.

Sett i frå IL Veten si side blir ikkje dette eit nytt alpinanlegg i så måte, men ei fullføring av allereie eksisterande anlegg.

Ved ei utbygging ser ein føre seg eit løna bidrag for ei stilling til å arbeide i anlegget, og dermed sikre at anlegget får ei god utvikling og drift.

Det er vidare utarbeida ein rapport m.o.t. driftsgrunnlaget for dette anlegget. Denne rapporten har ein førebels ikkje fått tilsendt frå IL Veten.

Det er og næringsinteresser involvert i anlegget.

IL Veten ser vidare føre seg ei omsetning på omlag 1 mill NOK gjennom 45 driftsdagar i sesongen. Iflg. IL Veten sine eigne berekningar tilsvavar dette 2 % av den totale marknaden. Her kjem i tillegg inntekter på parkering, mat, overnatting etc.

IL Veten meiner dette er eit realistisk prosjekt, under visse føresetnader m.o.t. gjeldsgrad.

Det blir vidare gitt uttrykk for at IL Veten har teke på seg oppgåva med å utvikle hoppanlegget, m.a. for at ein skal få etablert eit alpintilbod på sikt.

I sitt arbeid er prosjekteiar i IL Veten uroa over Sogn og Fjordane Skikrins sin anleggspolitikk, der ein m.a. har uttalt at det ikkje skal etablerast fleire alpinanlegg i Sogn og Fjordane, men at ein skal stimulere til utvikling og gode vilkår for drift i eksisterande anlegg.

Bakgrunnen for denne politikken er knytt til det generelle driftsgrunnlaget for alpinanlegg i Sogn og Fjordane.

Prosjektleiar i IL Veten, Tor Åge Berglid, undertrekar at prosjektet p.t. ikkje er formalisert, men at dette evt. vil skje på idrettslaget sitt årsmøte i 2014.

Men før den tid ynskjer prosjektleiar ei generell tilbakemelding frå Skikrinsstyret vedr. vidare saksgang og evt. støtte til prosjektet.

Ein kan elles legge til at prosjektet er drøfta med kulturavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering og viser til eksisterande anleggsplan.

Elles avventar Skikrinsstyret evt. vedtak i saka, inntil det føreligg ein formell henvendelse frå IL Veten.

### **Sak 35 13-15**

### **Status markedsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins**

#### **Bakgrunn**

Viser til bakgrunn og vedtak i *Sak 23 13-15*.

I samsvar ved vedtak i saka er det avvikla møte i Sogn og Fjordane Skikrins sitt økonomi- og markedsutval (26. november 2013).

I møte har ein gjort vedtak om følgjande prioritering innanfor markedsområdet;

- 1) Reforhandling av samarbeidsavtalar;
  - a. Frydenbø Bilsenter, ansvar Atle Hamar og adm.
  - b. SFE, ansvar Reidun Hegrenes, Gunnar Fannemel og adm.
- 2) Utvikle ein oversiktleg markedsstruktur for Sogn og Fjordane Skikrins
- 3) Iverksetje sal av konseptet «Skiing Norway»
- 4) I lag med greinkomiteane vurdere eit konsept der ein legg til rette for felles KM-/finalehelg i langrenn, alpint samt hopp og kombinert.

I konseptet legg ein til grunn samarbeid med hotellnæringa.

- 5) Legge til rette eit strategisk samarbeid med næringslivet m.o.t. sal av enkelte samlingar innanfor langrenn.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at greinkomiteane frå 2015 skal vurdere om det er aktuelt med felles arrangementhelg i langrenn, alpint, hopp, kombinert og telemark.

**Sak 36 13-15****Integreringsprosjekt****Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins har teke initiativ til samarbeid med Stryn Frivilligsentral og Internasjonalt forum i Stryn.

Målsetjinga med samarbeidet er å stimulere til auka integrering av flyktningar/innvandrarar i Stryn Kommune gjennom tilrettelegging av skiaktivitet. Samt auke den fysiske aktiviteten hjå målgruppa.

Målgruppe for prosjektet er flyktningar/innvandrar knytt til vaksenopplæringa i Stryn Kommune.

Opplegget vil elles bli ein del av den obligatoriske undervisninga i vaksenopplæringa. Ved å gjere aktiviteten obligatorisk vil alle uansett bakgrunn og sosiale høve bli stimulert til deltaking.

Gjennom samarbeid mellom partane ynskjer ein også å opne for høgare deltaking frå flyktningar/innvandrar i lag og organisasjonar, og at målgruppa gjennom prosjektet får ein ”reisskap” for å kunne delta i ordinære aktivitetar vinterstid.

Sogn og Fjordane Skikrins er hovudansvarleg for koordinering av prosjektet, medan Stryn Frivilligsentral og Internasjonalt forum Stryn legg til rette for organisering av aktivitet lokalt.

Ein legg vidare opp til å nytte elevar frå idrettslinja ved Stryn vgs. som instruktørar i pilotprosjektet.

På lengre sikt har ein ambisjonar om å spreie prosjektet til Sogndal Kommune og Førde Kommune.

Vinteren 2012-2013 la skikrinsen til rette for 2 skidagar for flyktningar knytt til Vaksenopplæringa i Stryn, og no arbeider ein for å gjere opplegget noko meir omfattande.

**Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**Sak 37 13-15****Landslinje for ski- og skiskyting i Stryn****Bakgrunn**

Eit samrøystens opplæringsutval går inn for at fylkeskommunen skal søkje Kommunaldepartementet om oppretting av landslinje for skiidrett/ skiskyting i Stryn.

I vedtaket heiter det at fylkeskommunen søker om oppretting av landslinje for skiskyting med 10 plassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram frå skuleåret 2015-2016.

Tilbodet skal finansierast innanfor det statlege tilskotet til landslinja, og den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.

Eit landslinje tilbod vil gje nasjonal status, og vil sikre ein optimal kombinasjon av utdanning og idrett

Sogn og Fjordane Skikrins har tidlegare støtta Stryn vidaregåande skule i arbeidet med ein fylkeskommunal søknad.

**Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER****Sak 38 13-15****Harpefossen Skisenter – innspel til Anleggsplan 2013-2017****Bakgrunn**

I samband med Skikrinstinget 2013 vedtok Sogn og Fjordane Skikrins Anleggsplan 2013-2017. I etterkant av tinget har Harpefossen Skisenter sendt følgjande innspel;

*Dersom skikrinsen sin anleggsplan omfatter alpinanlegg med mer enn 100 høydemeter, så bør jo disse planene samkjøres med fylkeskommunen som legger dette til grunn som kriterie. I såfall er følgende planlagt på Harpefossen:*

- 2013: Snøproduksjon Høgebakkloypa/Fosseholtloypa, 775/130 (lengde/høydemeter) (1201)
- 2014: Familietrekk, 500/140 (1203)
- 2014: Lysanlegg Hammaren-Steinane, 375/150 (1302)
- 2014: Dalenakkløypa, 2.500/350 (1502)
- 2014: Turisten nedre, 1.200/365 (1704)
- 2015: Lysanlegg Furuhogane, 1.300/330 (1501)
- 2015: Dam til snøproduksjon, 770 moh (1504)
- 2015: Snøproduksjon Turisten nedre, 1.200/365 (1506)
- 2015: Lysanlegg Turisten nedre, 1.200/365 (1507)
- 2016: Snøproduksjon Furuhogane, 500/150 (1601)
- 2016: Jibbepark Harpefossen, 600/120 (1603)
- 2016: Turisten øvre, 1.000/160 (1605)
- 2016: Snøproduksjon jibbepark, 600/120 (1607)
- 2017: Stolheis Steinane, 1.500/520 (1702)
- 2017: Snøproduksjon Turisten øvre, 400/160 (1704)

- 2017: *Lysanlegg jibbepark, 600/120 (1705)*
- 2018: *Snøproduksjon Utforløypa, 700/170 (2018)*
- 2019: *Topptrekk Storegga, 600/200 (1901)*
- 2019: *Nedfart Storegga, 650/200 (1902)*

### Vedtak

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Anleggsplan 2013-2017 vert oppdatert med faktalapplysninga vedr. utbyggingsplananane ved Harpefossen Skisenter.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at Harpefossen Skisenter får følgjande prioritering i Handlingsplanen pkt. 5.4 Rehabilitering Alpint:

### 5.4 Rehabilitering

Alpint	Stad for anlegg	Behov for endring	Pri.
Sogndal	Hodlekve	Renovering av eksisterande skitrekk. Overflateplanering i eksisterande anlegg.	1
Førde	Sunnfjord Skisenter	Overflateplanering. Utbetring av snøproduksjonsanlegg. Utbetring av lysanlegget.	2
Luster	Sogn Skisenter	Utbedre snøproduksjonsanlegget. Utbedring av trasear.	3
Eid	Harpefossen Skisenter	Utbetring av snøproduksjonsanlegget Utbetring av lysanlegget Tilrettelegging av Jibbepark Utbedring av nedfartar	4

### Sak 39 13-15

### Presentasjon av greinkomiteane sine handlingsplanar 2013-2014 Bakgrunn

Viser til vedtak og saksutgreiing i *Sak 22 13-15*.

Skikrinsstyret har tidlegare tilrådd handlingsplanen sin struktur.

I møtet presenterte leiar i alpinkomiteen og langrennkomiteen sine respektive Handlingsplanar for 2013-2014.

### Vedtak

Skikrinsstyret godkjenner handlingsplanane slik dei føreligg, og komiteane skal legge desse til grunn i sitt vidare arbeid.

### Sak 40 13-15

### Budsjett 2014

#### Bakgrunn

Framlegg til budsjett er vedlagt.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2014 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr 2 834 250,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr 2 834 250,-

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF

(post 3 midlar), momskompensasjon, rennavigifter samt eigendelar frå lopparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

Markedsinntektene til Sogn og Fjordane er budsjettert på same nivå som 2013.

Brorparten av markedsinntektene er basert på samarbeidsavtalar som strekkjer seg ut over 2013. Men samarbeidsavtalen med xxx går ut våren 2014, og må reforhandlast. Dvs. at administrasjonen sitt framlegg til budsjett er basert på at denne avtalen vert vidareført på dagens nivå. Samla utgjer denne avtalen ein verdi (kontantstraum) på kr. xxx,- eksl. mva.

Elles må skikrinsen arbeide systematisk for å etablere ei ny samarbeidsavtale. Adm. sitt syn er at denne samarbeidsavtalen bør vere relatert til langrennskomiteen, og arbeidet knytt til aldersgruppa 13-16 år.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 45 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet (Miljøsamlingane), Ski i Skulen samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene (innført i 2009) der 92,5% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 7,5% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

## ARBEIDSUTVALET

### AU – Drift administrasjon

#### Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2014 er kr. 615 000,-.

Budsjetterte markedsinntekter er basert på inngåtte samarbeidsavtalar

Samarbeidsavtalen med xxx vart reforhandla sommaren 2012, og avtalen har ein verdi på xx,- i kontantstraum pr. år.

Ein må elles vere merksame på at denne avtalen er inkl. mva., noko som medfører at SFSK må betale 25% i mva. basert på avtalen sin verdi

#### Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr 85 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2013 syner.

#### Lagskontingent

Lagskontingensten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2013, og utgjer samla ca. kr. 214 000,-.

### **Momskompensasjon**

Jf. signal fra Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga auka frå kr. 75 000,- i budsjettet for 2013, til kr. 115 000,- i budsjettet for 2014.

### **IT kostnader**

IT kostnadane er budsjettet med kr 24 000,-, om lag same nivået som rekneskapstala for 2013 syner.

### **Rekrutteringsprosjekt**

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettet sonevise Miljøsamlingar slik som tidlegare år.

Ifbm. Miljøsamlingane er det budsjettet med kr 7 500,- i annonsering, elles er det lagt inn kr 9 500,- i tilskot til tekniske arrangørar av Miljøsamlingane 2014.

Det er vidare budsjettet med eit tilskot på kr 15 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

### **Funksjonshemma**

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettet med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettet med eit tilskot frå NSF på kr 10 000,-.

### **Krinstring**

SFSK skal ikkje gjennomføre krinstring i 2014.

### **Skitinget 2014 (NSF)**

Førebelts har ein oppretta eit eige prosjekt for Skitinget 2014. Her er det budsjettet med kr. 85 000,- i offentlege tilskot (Stryn kommune og fylkeskommune). Det er vidare lagt opp til ei kostnadsramme på kr. 105 000,-.

Dvs. at ein budsjetterar med eit underskotet på kr. 20 000,- ifbm. dette prosjektet.

Adm. presiserar at dette budsjettet på dette prosjektet må reviderst jevnleg.

### **Styret**

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettet med kr. 177 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til lokalleige ifbm. møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøte).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Det er vidare lagt inn ein auke i kostnadane for styret. Denne kostnaden har bakgrunn i ein forventa ekstrakostnad i samband med Skitinget i Loen i 2014.

### **Trenarkurs/ utdanning**

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar.

### **Ski i skulen**

Ved vidareføring av Ski i Skulen 2014 er det m.a. budsjettet med kr. 100 000,- i offentlege tilskot.

Dette tilskotet baserer seg på ein utviklingsavtale (tre-årig) med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som utgjer kr. 100 000,- i 2014.

Ein har vidare fått tilsagn om kr. 100 000,- i støtte frå Sparebankstiftinga til prosjektet i 2014, og det er lagt inn kr. 15 000,- i post-3 midlar.

På kostnadssida er det budsjettet med honorar til instruktørar, reiserekningar og kostnader knytt til busstransport. Ski i Skulen vert i 2014 gjennomført ved 14-15 skular.

Det er budsjettet med at prosjektet skal balansere.

### **Prosjekt Telemark**

Forventa inntekter og kostnader i dette prosjektet er svært usikkert, men ein har lagt opp til at dette prosjektet skal balansere. Dvs. at inntekter og kostnader skal følgje kvarandre.

### **ALPINKOMITEEN**

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserer med kr 935 375,- i driftsinntekter og kr 935 375,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettet med kr. xxx,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med xxx, xxx og xxx. Ver merksam på at det er budsjettet med ein økonomisk bonus frå xxx.

Det er også lagt inn kr 23 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er same nivå som rekneskapstala for 2013 viser.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. 243 375,-.

### **NM**

Ifbm. NM er det budsjettet med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettet kostnad, kr 10 000,-.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-

### **Jr. NM**

I samband med junior NM er det budsjettet med reise og overnatting til hovudleiar,



i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

#### **HL**

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 40 000,-.

#### **Cup**

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 35 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 40 000,-.

#### **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det lagt inn at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er i tillegg budsjettert at komiteen dekkjer reise- og overnatting for hovudleiar i samband med 2-3 FIS-renn der krinsen har fellesopplegg..

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 38 000,-.

#### **Fjord1 samlingar/ krinslag**

Fjord1 samlingane er budsjettert på om lag same nivå som i 2013.

Det er budsjettert med 6-7 Fjord1 samlingar, og deltaravgifter på til saman kr 307 000,-.

Vidare er det lagt inn kr. 250 000,- i idrettsfagleg bistand, dette er kostnader knytt til Alpine Race Academy Norge. Det er også budsjettert med omfattande bruk av lokale trenarkrefter, totalt kr. 111 000,- (honorar, reise og overnatting).

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 89 375,-.

#### **Alpinkomiteen**

Til møteverksemid i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-

## HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserer med kr 58 250,-,- i driftsinntekter og kr 58 250,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettet med kr. xxx,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med xxx. Det er her ein føresetnad at samarbeidsavtalen med xxx vert reforhandla på minimum av dagens nivå.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettet med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 2 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. 37 750,-.

### **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettet med dekking av reisekostnad og overnatting for hovudleiar.

### **HL**

Ifbm. Hovedlandsrennet er det budsjettet med ein overnattingkostnad på kr. 2 000,-.

### **Cup**

I samband med SFEhopp cup er det budsjettet med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 10 000,- .

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 13 750,-

### **Rekrutteringsprosjekt i hopp**

Det er budsjettet med oppstart av eit rekrutteringsprosjekt i hopp.

Her er det ein føresetnad at komiteen syter for finansiering av prosjektet med min. kr. 10 000,- i «friske midlar». Desse midlane skal nyttast til å dekke reise og honorar for «ambulerande trenar».

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 8 000,-

### **Hopp- og kombinertkomiteen**

Til møteverksemid i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

## **LANGRENNSKOMITEEN**

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserer med kr 923 000,-,- i driftsinntekter og kr 923 000,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. xxx,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med xxx og xxx.

Vidare er det budsjettert med kr 75 000,- i lisensar/ rennnavgifter. Dette er noko mindre enn rekneskapen for 2013 syner.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 422 000,-.

### **NM, jr. NM og HL**

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphold for støtteapparat og kostnader med smørebed. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 109 500,-.

### **Cup/ SSF Cup**

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 40 500,-.

### **FIS-renn**

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise- og opphold for hovudleiar og støtteapparat (3 personar ved kvart arrangement). Det er i tillegg budsjettert med eit honorar for hovudleiar. Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 120 000,-

### **Krinslag**

På krinslaget er det budsjettert med kr. 198 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), noko mindre enn det som rekneskapen for 2013 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 65 000,- i kjøp av klede, kr. 55 000,- i reisekostnader og kr. 150 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 144 000,-.

### **Langrennskomiteen**

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 8 000,-

### **LSV-huer**

Det er budsjettert at kjøp og sal av LSV-huer skal balansere.



## **GENERELL SLUTTKOMMENTAR**

Adm. sitt framlegg til budsjett må reviderast 1. kvartal 2014.

I tillegg vil det mest truleg vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2013 til 2014, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar. Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2014, når arbeidet med rekneskapen for 2013 er fullført.

Slik sett kan ikkje styret sjå på dette framlegget som endeleg, men først og fremst som ei retningslinje for den vidare handsaminga av budsjettet.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret vedtek framlegg til budsjett for 2014, med følgjande endring:

Post-3 midlane som er budsjettert i inntektsramma for *Ski i Skulen 2014* skal flyttast til *Integreringsprosjektet* for å styrke dette arbeidsområdet.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at revidert budsjett skal leggast fram i samband med styremøte i januar/februar 2014.

### **Sak 41 13-15**

#### **Fastsettjing av tid og stad for neste møte i Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret bestemmer tid og stad for neste møte i styret.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at tidspunkt for neste møte i Skikrinsstyret skal fastsetjast i høve til ferdigstilling av rekneskapen for 2013.

Møtet skal avviklast på Skei, Skei Hotell.

### **EVENTUELTT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef